

Vedtekter for lokallaget av NKF

Føremål:

Lokallag i NKF skal arbeide ut frå det føremålet og dei arbeidsområde som er uttrykt i § 1 og 2 i NKF sine vedtekter og i samsvar med NKF sitt prinsippprogram.

Medlemmer:

Lokallaget av NKF består av medlemmene i NKF ved den einskilde folkehøgskolen.

Styret:

Lokallaget vel leiar, sekretær og kasserar for eitt år om gongen. Leiaren skal veljast ved eige val.

Årsmøte:

Årsmøtet i lokallaget bør heldast innan utgangen av mai. Det skal kallast inn til årsmøte med ei veker varsel.

Årsrapport og regnskapsrapport:

Innan 1. april skal lokallaget sende ein enkel regnskapsoversikt (bruk tilsendt skjema) for førre kalenderår og innan 1. juni skal lokallaget sende årsrapport og ei melding om kven som er valt for komande skoleår til sekretariatet i NKF.

Møtefrekvens:

Lokallaget skal normalt halde to møte kvart semester, og elles når det er nødvendig.

Lokallagets økonomi:

Sjå: *Retningslinjer for økonomiforvaltning for lokallag i Noregs Kristelege Folkehøgskolelag*

Rundskriv L-05-2013 - <https://nkf.folkehogskole.no/nkf/filer/2013/02/L-05-2013-Retningslinjer-for-lokallagenes-%C3%B8konomiforvaltning.pdf>

Rundskriv L 01-2017 - <https://nkf.folkehogskole.no/nkf/filer/2017/01/L-01-2017-Endring-av-retningslinjene-for-lokallagenes-%C3%B8konomiforvaltning-nettversjon.pdf>

Kvart år blir ein del av medlemskontingenten tilbakeført til lokallaget.

Kontingent som blir tilbakeført frå NKF sentralt, skal brukast i samsvar med NKFs vedtekter og vedtak i lokallaget.